Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Telemark Nett AS

Telemark Nett AS (TN) driftar, vedlikeheld og bygger straumnettet i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Konsesjonsområdet til selskapet dekker eigarkommunane til VTK med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40 % av Telemark fylke sitt areal. TN har nettverksemd, både regionalnett og distribusjonsnett, sal av kraft på leveringsplikt og arbeid for andre som sine aktivitetsområde. Selskapet har 38 tilsette og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå VTK AS og eksternt.

**Telemark Nett sin infrastruktur består av fylgjande:**

- 953 km med lågspent luftnett og 1150 km med lågspent jordkabel.
- 787 km med 22 kV høgspent luftnett og 402 km med høgspent jordkabel.
- 90 km med 66 kV høgspent luftnett.
- 200MVA installert kapasitet gjennom 1003 nettstasjonar.
- Ein stor del av nettstasjonane har høgspent koplingsanlegg med fjernstyring av bryterar.
- 7 Trafostasjonar der alle har fjernstyring av høgspentbryterar. Desse har ein samla installert effekt på 145 MVA.

TN er ein beredskapsorganisasjon med femdelt driftsvakt, der tre montørar og ein ingeniør har døgnkontinuerleg vakt. TN har innført ei rekkje beredskapstiltak. Straumnettet er forsynt frå sju transformatorstasjonar(TS) i kvar sitt område. Kvar TS har 100 % reserveforsyning frå nærliggande område, med høg grad av fjernstyring og i seinare tid tilstandsovervaking. Det er satsa mykje på skogrydding dei siste ti åra og dei viktigaste linjene er i ferd med å bli hogge reint for tre. Tre 66kV transformatorar har blitt oppgradert, der ein er i felles beredskap med RK Nett. TN har beredskapsavtaler med nødvendige bransjeaktørar om utveksling av materiell, utstyr og mannskap ved større hendingar.

Ved dei årlege beredskapsmøta i kommunane er TN med for å informere om nett, kommunikasjon, utstyr og personell som me kan bidra med. Eigarkommunane er i tett dialog med TN, der forbetringar og utfordingar for straumforsyning og kommunikasjon er prioritet, men og tilrettelegging for næringslivet er viktig. TN er kjent med risiko og truslar knytt til økonomisk kriminalitet og dataangrep.

### Telemark Nett AS oppsummering av 2023:

2023 var eit år med relativt lite feil og avbrot. Selskapet har i dei seinare åra investert betydeleg i å erstatte høgspentliner til jordkablar, samt auka grad av fjernstyring av stasjonar og bryterar. Som ei fylgje av feila i 2019 og 2021 har selskapet investert i særskild skogrydding av 66kV linja mellom Lio og Åmot. Prosjektet har mål om ferdigstillelse i 2024, og resultat i form av færre feil og betre forsyningstryggleik.

Grafen viser kvartalsvis utvikling av kostnader for ikkje levert energi (KILE) for året 2023 sett opp mot fjoråret.




**Selskapet har gjennom 2023 mellom anna arbeidd med fylgjande reinvesteringar i 22kV distribusjonsnettet:**

- Treungen – Bakka 20 km HS-kabel
- Borsæ 4 km HS-kabel
- Vrådal Aust 7 km HS-kabel
- Straumstøyl – Grungebru 7 km HS-kabel
- Kviteseid – Passpå 4,5 km HS-kabel
- Molandsmoen – Tøddebakkan 2,5 km HS-kabel
- Tjønnefoss 1,5 km HS-kabel
- Åmotsdal 3 km HS-kabel
- Lio - Åsgrend - Åse. 3,5 km HS-kabel

Ved dei fleste ombyggingane har det blitt investert i nye nettstasjonar med fjernstyring. Dette sikrar forsyningstryggleiken inn mot kommunesentrum og andre kritiske punkt.

Talet på nettkundar var 15566 ved utgangen av året, som er ein auka på 232 (1,5 %). Nye hyttekundar stod for 74% av veksten. Begge tala er om lag som i 2022. Forbruket hjå nettkundane var 244,9 GWh (239,1), som er ein auke på vel 2% . Forbruket er likevel relativt lågt viss ein ser tilbake nokre år. Frå 2022 til 2023 er det auke i forbruk til hytter og bustadar, (7 %) medan forbruk til næringslivet og offentleg sektor har nedgang (4 %).

### Innmatingskundar:

TN har 41 ordinære kraftverk tilkopla nettet, 2 av desse er i regionalnettet og 39 i distribusjonsnettet. Installert effekt er høvesvis 38,3 MW og 64 MW. Det er også 198 kundar med eigenproduksjon < 100 kW tilkopla nettet. Desse er plusskundar og blir tariffert etter eit eige og gunstig regelverk. Plusskundane leverte i 2023 0,8 MWh inn på nettet, ei tredobling frå fjoråret.

### Forsking og utvikling

Som det fyrste nettselskapet i Noreg, starta TN i 2023 testing av ny sensorteknologi som gjev indikasjon på kvar i nettet ein feil oppstår. Dette er eit pilotprosjekt med mål om å korte ned tidsbruken for å finne feil i straumnettet. Prosjektet skal gje selskapet reduserte kostnader og kortare straumbrot.







This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID: 41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Vest-Telemark Kraftlag AS

| Driftsinntekter | Driftsresultat |
|---|---|
| **347.6** MNOK | **201.7** MNOK |

| Årsresultat | Bidrag utbytte |
|---|---|
| **76.2** MNOK | **30** MNOK |

| Fibernett (stamnett) | Tilsette |
|---|---|
| **463** KM | **4** |



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Vest-Telemark Kraftlag AS

Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK) driv med produksjon og omsetning av kraft, og byggjer og leiger ut fibernett.

Selskapet har 4 tilsette, fordelt på 3,4 årsverk. Med 67 % eigarskap i Skafså Kraftverk ANS har selskapet indirekte totalt 9,4 årsverk.

VTK kjøper òg nokre tenester frå morselskapet, nettselskapet og eksterne tilbydarar.

**Kraftproduksjon**
I 2023 hadde Vest-Telemark Kraftlag AS gjennom eigne og deleigde kraftverk ein samla vasskraftproduksjon på 287 GWh. VTK administrerer Skafså Kraftverk ANS og fylgjer opp eigarskapa i Sundsbarm Kraftverk DA og Grunnåi Kraftverk AS. I tillegg eig og driv selskapet tre små- og mikro-kraftverk: Naurak,Trontveitåna og Birtedalen.

VTK har fleire nye kraftprosjekt under utvikling.

All produksjonen som VTK har eigarskap til, leverast i prisområdet NO2. Marknadsstrategien for selskapet er å gjere alt kraftkjøp og -salg i spotmarknaden.

Alle kraftverka våre er sertifisert for å selje opphavs-garantiar, og disse vert selt i den europeiske marknaden gjennom Skagerak Energitjenester.

## Kraftproduksjon

| Namn | Kommune | År | Middelproduksjon | 2023 produksjon | Eigardel |
|---|---|---|---|---|---|
| Åmdal (Skafså) | Tokke | 1953 | 160 GWh | 160,2 GWh | 67 % |
| Osen (Skafså) | Kviteseid | 1954 | 85 GWh | 88,4 GWh | 67 % |
| Gausbu (Skafså) | Tokke | 1996 | 40 GWh | 46,8 GWh | 67 % |
| Skree (Skafså) | Fyresdal | 1995 | 40 GWh | 42,5 GWh | 67 % |
| Sundsbarn | Seljord | 1971 | 470 GWh | 523,7 GWh | 8,5 % |
| Grunnåi [1] | Seljord | 2006 | 66 GWh | 62,8 GWh | 18,5 % |
| Trontveit | Nissedal | 2019 | 4 GWh | 4,03 GWh | 100 % |
| Naurak | Nissedal | 2000 | 1 GWh | 0,65 GWh | 100 % |
| Birtedalen | Nissedal | 2023 | 5,3 GWh | 0,27 GWh [2] | 80 % |

[1] Satt i drift medio desember 2023
[2] VTK sin eigardel i Grunnåi Kraftverk AS er ikkje med i VTK AS sitt rekneskap, da kraftverket rekneskapsmessig og skattemessig er ein egen juridisk eining. Grunnåi Kraftverk fekk i 2023 eit driftsresultat på 40,9 mill.kr og eit resultat etter skatt på 12,3 mill. kr. Etter resultatet for 2023 ser det ut til at eigarane for fyrste gang vil handsama at selskapet betalar utbytte.







This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88



# Deleigde og tilknytta selskap

Skafså Kraftverk ANS
**67 %**

Grunnåi Kraftverk AS
**18,25 %**

Sundsbarm Kraftverk DA
**8,5 %**

Telefiber AS
**50 %**

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Skafså Kraftverk

### Skafså Kraftverk ANS

Skafså Kraftverk ANS er eigd av Vest-Telemark Kraftlag AS (67 %) og Hydro Energi AS (33 %).
Selskapet driv med kraftproduksjon for eigarane gjennom drift av fire kraftstasjonar øvst i Arendalsvassdraget, Gausbu, Åmdal, Skree og Osen, med tilhøyrande reguleringsmagasin i Tokke, Fyresdal og Kviteseid.

Samla produksjon er ca 300 GWh pr år, medrekna leveranse av konsesjonskraft. Selskapet har eiga drifts- og vedlikehaldsorganisasjon, med tilhald i Åmdals verk i Tokke. Elektro, beredskap, IKT, samt administrasjon og kontor- og rekneskapstenester blir leigd inn frå VTK-konsernet.

Teknisk-, VTA-ansvarleg og driftssentraltenester blir samordna og leigd inn frå Hydro Energi på Rjukan. Gjennom eige avtaleverk har selskapet driftsoppgaver for VTK AS sine småkraftverk.
Styret er satt saman av fem personer, to frå Hydro Energi og tre frå VTK. Svenn-Erik Rafoss blei i selskapsmøtet 21. juni 2023 valt inn i styret, og tok over plassen til Ketil Kvaale som styreleiar sommaren 2023. Det er ei kvinne og fire menn i styret.

Skafså Kraftverk ANS er medeigar i Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB), medlem i Fornybar Norge og tilknytta Samfunnsbedriftene.

### Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2023 har vore 1,3 %. Av dette var 0,1 % lækjarmeld. Det blei ikkje registrert arbeidsskade som førte til sjukefråvær blant dei tilsette i 2023.

### Ytre miljø

Skafså Kraftverk er gjennom reguleringskonsesjon og manøvreringsreglement underlagt føresegner om mellom anna reguleringshøgder i magasina og tapping av minstevassføring i vassdraget.
Selskapet er pålagt tiltak som oppussing og vedlikehald av dei inngrepa som kraftverka er årsaka til. Desse krava har selskapet overhalde.

### Framleis drift

Inntekter blir ført direkte hjå eigarane, som dekker selskapet sine driftskostnader. Investering i driftsmiddel blir også bokført direkte hjå eigarane.
Styret har gjennom si signatur på årsrekneskapen for 2023, stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades.







This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Grunnåi kraftverk, Sundsbarm kraftverk & Telefiber

### Grunnåi Kraftverk AS

Grunnåi kraftverk er eigd av Skagerak Kraft AS 55 %, Vest-Telemark Kraftlag AS 18,25 % og ei grunneigargruppe med tilsaman 26,75 %. Grunnåi vart sett i drift i 2016 og ligg i Seljord kommune. Kraftverket har berre eit lite magasin, og er som eit elvekraftverk å rekne. Fallhøgda er på 387 meter.

I 2019 vart det installert eit ekstra aggregat, som auka årsproduksjonen til 66 GWh. Det opphavlege aggregatet har ein installert effekt på 15,1 MW og ein årsproduksjon 55 GWh, medan aggregat 2 har ein installert effekt på 10,2 MW og ein årsproduksjon på 11 GWh.

Ved det nye aggregatet er det lagt til rette for forsking, mellom anna ved at ein kan feste sensorar på skovlane på løpehjulet. Det er òg montert vindauge, slik at ein kan sjå turbinane under produksjon.

### Sundsbarm kraftverk

Sundbarm kraftverk er eigd av Skagerak Kraft AS (91,5 %) og Vest-Telemark Kraftlag (8,5 %). Kraftverket blir drifta av Skagerak Kraft og ligg ved gamle Lakshøl Bruk i Seljord kommune. Sundbarm kraftverk vart sett i drift i 1970, har ein installert effekt på 103 MW. Ein nyttar eit fall på 480 meter frå hovudmagasinet Sundsbarmvatn. Nedslagsfeltet er på heile 418 kvadratkilometer og omfattar kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje. Kraftsalsinntektene frå kraftverket blir inntektsført direkte i VTK AS sitt rekneskap.

### Telefiber

Telefiber AS er eit selskap som sel internettilgang til både bedrifter og privatpersonar. Frå byrjinga vart dette gjort på ein eigen Telefiber plattform, som leverte både nett og tv. Etter at samarbeidet med Altibox starta i 2012, har dei fleste kundane blitt konvertert til denne plattforma, samstundes som dei nye kundane blir lagt på Altibox-plattforma. Ved utgangen av 2023 var det 4.509 telekomkundar med tilhald i Vest Telemark Kraftlag sine eigar-kommunar. Totalt hadde selskapet 6.912 kundar innafor sitt konsesjonsområde ved utgangen av 2023.

Telefiber leiger i tillegg ut mørk fiber og transitt-kapasitet til større aktørar. Infrastrukturen Telefiber bruker for leveransane sine, er baserte på leigd overskotskapasitet frå fiberinfrastrukturen til eigarselskapa, og dekkjer kommunane Tokke, Vinje, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Hjartdal.
Selskapet vart stifta den 28.08.2006, har fem tilsette og leiger lokale hos Vest-Telemark Kraftlag i Høydalsmo i Tokke kommune

### Eierstruktur

Telefiber AS ved utgangen av 2023, tre eigarar med følgjande eigardelar:




- Vest-Telemark Kraftlag
- Rauland Kraftforsyningslag SA
- Skagerak Energi AS (Tidligere Hjartdal Energi AS)

Telefiber AS har eigarinteresser i to selskap, NC-Spectrum (41 %) og AtB-nett AS (11,11 %).






This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88



# Økonomi og finans

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Framtidsutsikter

Energimarknadene er i sterk omstilling og etterspurnaden etter berekraftige energiløysingar er stor. Dei siste åra har vore prega av stor uvisse om vidareføring av høgprisbidraget for kraftproduksjon, kapasitetsutfordringar i overliggande nett, konsolidering av kraftomsetningsmarknaden, og nå nyleg forslag frå regjeringa om ny EKOM-lov. Alle disse rammevilkåra påvirkar VTK-konsernet med tanke på økonomisk resultat, investeringar og vidare strategi. Og kanskje aller viktigast; slike uføresette utfordringar og rammevilkår hemmar utviklinga av Vest-Telemark som region. Likevel er VTK eit solid konsern med sterke eigarar som har fokus på utvikling av Vest-Telemark-regionen og er såleis rusta til å møte framtidige utfordringar innanfor konsernet sine verksemdsområder.

I sum forventar VTK store variasjonar i kraftprisane framover, høgare nettleige som fylgje av store investeringar i straumnettet og ein meir konkurranseutsett og pressa telekom- og kraftomsetningsmarknad. Spesielt uregulert fornybar kraft kan skape ubalanse i marknaden, der ein i periodar vil få svært låge og høge prisar, noko som gjev både moglegheiter og utfordringar.
VTK-konsernet si inntening er i stor grad avhengig av kraftpris og forbruk. Dette er faktorar som er forbundne med uvisse, og kan gje store utslag i VTK-konsernet sine framtidige resultat.
Naturlege variasjonar knytt til temperatur, nedbør, tilsig, kraftpris, rentenivå og straumforbruk i Vest-Telemark regionen gjer at konsernet sitt økonomiske resultat varierar frå år til år.

Styret, saman med administrasjonen, vil difor leggje endå større vekt på risikostyring, førebyggande tryggingstiltak og rett organisering av verksemda.

### Kapitaltilgang, likviditet og finansiell risiko

Konsernet har all ekstern gjeld hos Danske Bank, og med ein solid eigenkapitalprosent er det liten risiko for brot på gjeldande lånevilkår. Konsernet har god kapasitet for opplåning til framtidige investeringar.
I tillegg til ekstern gjeld til Danske Bank har VTK AS eit eigarlån hos fem av seks eigarkommunar. Alle lån er i norske kroner og er avdragsfrie i låneperioden. Auka gjeld frå lån medfører at endring i rentenivået påverkar konsernet sitt resultat i større grad. Konsernet har inngått rentesikting med ein rentebytteavtale på 50 MNOK som eit risikodempande tiltak. Konsernet sin likviditet er tilfredsstillande sett opp mot omfanget av eksisterande verksemd.
Men konsernet er eksponert mot utviklinga i finansmarknadene og konsernet si kredittverdigheit.








This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

## Økonomi og finans

Konsernet sine driftsinntekter var 532,4 MNOK i 2023. Dette er 178,3 MNOK mindre enn for 2022 (710,7 MNOK). Inntekter frå kraftsal minkar med 172,9 MNOK, nettinntekter minkar med 18,3 MNOK medan andre driftsinntekter aukar med 12,8 MNOK. Nedgangen i driftsinntekter kjem i all hovudsak som følgje av lågare kraftprisar. Høg produksjon i kraftverka motverker nedgangen noko. I tillegg har refusjon for tapskostnadar frå Statnett vore betydeleg lågare enn i 2022.

Konsernet sitt driftsresultat for 2023 var 262,3 MNOK, mot 334,9 MNOK i 2022.Driftsresultatet fordeler seg med 200,1 MNOK frå kraftproduksjon og kraftomsetning, 59,7 MNOK frå nettverksemda, 1,3 MNOK frå fiberaktivitet og 1,2 NOK frå anna verksemd.

Konsernet sine finansinntekter summerte seg til 10 MNOK i 2023 (4 MNOK). Av dette kom 9,7 MNOK frå renteinntekter og 0,4 MNOK frå utbyte. Finanskostnader var i 2023 20,3 MNOK mot 11 MNOK i året før. Auka i båe postane frå året før er knytt til auka rentenivå. Netto finanspostar for konsernet bidrog difor totalt sett negativt til resultatet med 10,3 MNOK.

Samla skattekostnader for 2023 var på 137,5 MNOK, ein god del under nivået i 2023 då det var på 168,6 MNOK. Lågare kraftprisar i 2023 medførte lågare resultat og lågare grunnlag for grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten var på 78,6 MNOK i 2023 samanlikna med 94,1 MNOK året før. Skattekostnad på årets resultat var på 43,4 MNOK (59,3 MNOK).

Årsresultat for konsernet i 2023 var på 114,6 MNOK, mot 159,3 MNOK i 2022. Året 2022 var eit historisk godt år grunna ekstreme kraftprisar. Året 2023 gav eit lågare resultat, men er det nest høgaste resultatet i konsernet sin levetid.

### Kontantstraum og balanse

Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet i året var på 171,1 MNOK i 2023. Kontantstraum frå drift og betalt skatt utgjorde til saman ein nedgang frå fjoråret på 154,2 MNOK. Positiv kontantstraumeffekt som følgje av nedgang i kundefordringar på 111,8 MNOK bidrog til at kontantstraum frå drift totalt sett enda med ein nedgang på 61,5 MNOK.
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar var negativ med 141,3 MNOK grunna høge investeringar i fiber og nettverksemda, og utbetalingar ved kjøp av aksjar i andre føretak som er nemnt tidlegare.
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar har ein nedgang på 97,8 MNOK, hovudsakleg grunna ekstra høgt utbytte for 2022 utbetala i 2023. Netto endring i likvidar for konsernet endar difor med ein nedgang på heile 224,4 MNOK.

Totalbalansen ved utgangen av 2023 var på 1 160,1 MNOK. Bokført eigenkapital auka med 73,6 MNOK til 549,7 MNOK. Dette gjev ein eigenkapitalandel på 47,4 % pr. 31.12.2023, ein solid auke frå 39,3 % pr. 31.12.2022. Netto rentebærande gjeld i konsernet var på 265,2 MNOK mot 171,8 i 2022. Likvide midlar utgjorde 38,7 MNOK ved utgangen av 2023 (132,2 MNOK). Selskap i konsernet har i 2023 innrekna netto pensjonsforplikting i balansen. Forpliktinga har ikkje vore balanseført tidlegare er korrigert mot eigenkapitalen med ein negativ eigenkapitaleffekt på 34,5 mill. kr for konsernet. Samanlikningstal for 2022 er difor endra.

### Disponeringar

Frå 2019 er styringssignalet frå eigarane at 50 % av årsresultat i konsernet over tid skal betalast som utbytte. Tabellen på siden viser situasjonen akkumulert. Med eit utbytte på 45,4 MNOK for 2023 er strategien oppfylt med 50 % i snitt siste 5 år.

Styret føresler at årsresultatet etter skatt i Vest-Telemark Kraftlag Holding AS på 44,3 MNOK blir disponert slik:

| | |
|---|---|
| Avsett til utbytte | 45,4 MNOK |
| Overført til annan EK | -1,1 MNOK |
| Sum disponert | 44,3 MNOK |

### Framleis drift

I samsvar med rekneskapslova §3-3 a, stadfestar styret at årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

## Nøkkeltall året 2023

Driftsinntekter
**532.4** MNOK

Driftsresultat
**262.3** MNOK

Resultat etter skatt




Utbytte




Totalbalanse
**1 160.1** MNOK

Eigenkapital
**549.7** MNOK

Eigenkapital andel
**47.4** %

Investeringar (netto)
**111.8** MNOK

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Signatur frå styret

Høydalsmo, 11.06.2024

| | |
|---|---|
| Erik Skjervagen, Fyresdal kommune | Nestleiar Baiba Sheine, Vinje Kommune |
| Dordi Elise Flom, Tokke Kommune | Runa Vee Tveit, Nissedal Kommune |
| Magne Wraa, Kvitseid Kommune | Hallgeir Aarbakk, Seljord Kommune |
| Jarle Solbu, arbeidstakarrepresentant | Torfinn Heggtveit, arbeidstakarrepresentant |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

Årsrekneskap

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

## Resultatrekneskap

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | Note | | Note | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 322 976 | 495 843 | 1, 2 | Kraftsal | | 0 | 0 |
| 173 137 | 191 402 | 1, 3 | Nettinntekter | | 0 | 0 |
| 36 257 | 23 472 | 1, 4 | Andre driftsinntekter | 4 | 23 501 | 18 590 |
| **532 370** | **710 717** | | **Driftsinntekter** | | **23 501** | **18 590** |
| 102 118 | 232 566 | 5 | Kraftkjøp og anna varekjøp | | 0 | 0 |
| 49 967 | 41 099 | 6 | Personalkostnader | 6 | 14 945 | 11 708 |
| 30 874 | 32 007 | 11,12 | Avskrivingar | 12 | 324 | 303 |
| 25 518 | 20 805 | 7 | Eigedomsskatt og regulatoriske avgifter | | 0 | 0 |
| 61 595 | 49 359 | 8 | Andre driftskostnader | 8 | 8 416 | 5 953 |
| **270 072** | **375 836** | | **Driftskostnader** | | **23 686** | **17 963** |
| **262 298** | **334 881** | | **Driftsresultat** | | **-185** | **626** |
| 10 046 | 3 990 | 9 | Finansinntekter | 9 | 50 421 | 95 195 |
| 20 330 | 10 992 | 9 | Finanskostnader | 9 | 5 846 | 4 401 |
| **10 284** | **7 002** | | **Netto finanskostnader** | | **-44 575** | **-90 793** |
| **252 014** | **327 879** | | **Resultat før skattar** | | **44 390** | **91 419** |
| 137 462 | 168 618 | 10 | Skattekostnad | 10 | 113 | 271 |
| **114 551** | **159 262** | | **ÅRSRESULTAT** | | **44 277** | **91 148** |
| 69 225 | 69 262 | | Overført til fri eigenkapital majoritet | | -1 123 | 1 148 |
| -74 | | | Minoritet | | | |
| 45 400 | 90 000 | | Avsett til utbyte | | 45 400 | 90 000 |
| **114 551** | **159 262** | | **SUM DISPONERINGAR** | | **44 277** | **91 148** |

## Balanse

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | Note | | Note | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Utsatt skattefordel | 10 | 1 536 | 1 824 |
| 4 703 | 3 956 | 11 | Immaterielle eigendelar | 11 | 562 | 0 |
| 914 462 | 825 052 | 12 | Varige driftsmidlar | 12 | 1 058 | 775 |
| 37 733 | 18 219 | 14,15 | Finansielle anleggsmidlar | 14,15 | 436 582 | 417 582 |
| **956 898** | **847 226** | | Sum anleggsmidlar | | **439 739** | **420 182** |
| 24 537 | 23 199 | | Varelager | | 0 | 0 |
| 139 956 | 207 995 | 16 | Kortsiktige krav | 16 | 51 177 | 100 985 |
| 38 725 | 132 186 | 17 | Pengemidlar | 17 | 0 | 850 |
| **203 218** | **363 380** | | **Sum omløpsmidlar** | | **51 177** | **101 835** |
| **1 160 116** | **1 210 606** | | **SUM EIGENDELAR** | | **490 915** | **522 017** |
| | | | **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| 399 914 | 399 914 | 18 | Innskoten eigenkapital | 18 | 399 914 | 399 914 |
| 147 751 | 74 132 | 18 | Opptent eigenkapital | 18 | -21 911 | -21 410 |
| 2 000 | 2 000 | 18 | Minoritetsinteresser | | 0 | 0 |
| **549 665** | **476 046** | | **Sum eigenkapital** | | **378 003** | **378 504** |
| 46 220 | 30 035 | 10 | Utsatt skatt | 10 | 0 | 0 |
| 26 078 | 34 479 | 19 | Pensjonsforpliktingar | 19 | 6 966 | 8 284 |
| 303 901 | 304 014 | 20 | Langsiktig gjeld | 20 | 40 000 | 113 |
| 234 251 | 366 033 | 21 | Kortsiktig gjeld | 21 | 65 946 | 135 117 |
| **610 451** | **734 561** | | **Sum gjeld** | | **112 912** | **143 513** |
| **1 160 116** | **1 210 606** | | **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **490 916** | **522 017** |

Høydalsmo, 11.06.2024

Erik Skjervagen, Fyresdal kommune

Nestleiar Baiba Sheine, Vinje Kommune

Dordi Elise Flom, Tokke Kommune

Runa Vee Tveit, Nissedal Kommune

Magne Wraa, Kvitseid Kommune

Hallgeir Aarbakk, Seljord Kommune

Jarle Solbu, arbeidstakarrepresentant

Torfinn Heggtveit, arbeidstakarrepresentant

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

## Kontantstraumoppstilling

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|
| | | **Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | | |
| 252 014 | 321 586 | Resultat før skattekostnad | 44 390 | 90 679 |
| -153 367 | -68 749 | Betalt skatt i perioden | -15 | |
| 316 | -32 | Gevinst/tap ved sal av anleggsmidlar | | |
| 30 874 | 32 007 | Ordinære avskrivingar | 324 | 303 |
| | | Nedskriving anleggsmidlar | | |
| -1 338 | -2 172 | Endring i varelager | | |
| 67 894 | -43 875 | Endring i kundefordringar | 49 839 | -90 634 |
| -22 635 | -6 132 | Endring i leverandørgjeld | -119 | 29 |
| -2 672 | | Endring i kostnadsført pensjon | -519 | |
| | | Effekt av valutakursendringar | | |
| | | Endring i andre tidsavgrensingspostar | | |
| **171 086** | **232 633** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **93 900** | **377** |
| | | Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar | | |
| 1 360 | 232 | Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar | | |
| -120 303 | -76 508 | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | -1 169 | -93 |
| | | Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar i andre føretak | | |
| -22 356 | | Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak | -19 000 | 0 |
| | | Innbetalingar ved leasing driftsmidlar | | |
| | | Utbetalingar ved leasing driftsmidlar | | |
| **-141 299** | **-76 276** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **-20 169** | **-93** |
| | | Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar | | |
| | 3 000 | Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld | 40 000 | |
| | 13 259 | Innbetalingar ved opptak av ny kortsiktig gjeld | 0 | 40 466 |
| | | Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | 0 | |
| -33 135 | | Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld | -38 524 | |
| -113 | -8 720 | Netto endring i kassakreditt | 13 944 | -6 900 |
| | | Innbetalingar av eigenkapital | 0 | |
| | | Tilbakebetaling av eigenkapital | 0 | |
| -90 000 | -33 000 | Utbetalingar av utbytte | -90 000 | -33 000 |
| | | Innbetalingar av konsembidrag | 0 | |
| | | Utbetalingar av konsembidrag | 0 | |
| **-123 248** | **-25 461** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **-74 581** | **566** |
| | | Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar | | |
| **-93 461** | **130 896** | **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | **-850** | **850** |
| **132 186** | **1 290** | **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr. 01.01.** | **850** | **0** |
| **38 725** | **132 186** | **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr. 31.12.** | **0** | **850** |

## Økonomiske hovudtal

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **Lønsemd:** | | | |
| 51,2 | 46,8 | A) Resultatgrad | % | 213,8 | 511,5 |
| 0,4 | 0,6 | B) Kapitalens omløpstid | | 0,0 | 0,0 |
| 23,0 | 27,5 | C) Totalrentabilitet = A*B | % | 9,9 | 18,3 |
| 49,1 | 63,9 | Eigenkapitalavkasting (før skatt) | % | 11,7 | 23,6 |
| 22,3 | 30,7 | Eigenkapitalavkasting (etter skatt) | % | 11,7 | 23,5 |
| | | **Finansiering:** | | | |
| 89,2 | 95,2 | Anleggsmidlanes finansiering | % | 95,1 | 92,0 |
| | | **Soliditet:** | | | |
| 47,4 | 39,3 | Eigenkapitalandel pr 31.12. | % | 77,0 | 74,0 |
| | | **Likviditet:** | | | |
| 0,87 | 0,99 | Grad 1 | | 0,78 | 0,75 |
| 0,76 | 0,93 | Grad 2 | | 0,78 | 0,75 |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

# Rekneskapsprinsipp

**Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.
Selskapet har ikkje føreteke endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

**Driftsinntekter**
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.
Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

**Klassifisering**
Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.
Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.

Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa og ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

**Andelar**
Eigardelar i Skafså Kraftverk ANS (67 %) og Sundsbarm Kraftverk (8,5 %) er vurdert etter bruttometoden for resultat og nettometoden for balansen. Andel av inntekter, kostnader, eigedelar og gjeld er innarbeid linje for linje i rekneskapet.

**Aksjar**
Aksjar i andre selskap er vurdert til å vera anleggsmidlar og vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

**Fordringar**
Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

**Varelager**
Varelageret er verdsett til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Anskaffelseskosts vurderes etter FIFO-prinsippet.

Ein del av varelageret (kr 3,5 mill) er rekna som beredskapslager og oppført som anleggsmiddel under nettanlegg.

**Gjeld**
Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

**Skattar**
Selskapet er underlagt dei særskilde reglane for skattlegging av kraftverk.

Skattar vert kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.
Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt), naturressursskatt, grunnrenteskatt og endringar i netto utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

**Leasing**
Avtalane gjeld operasjonell leasing, og leigebetalingane vert ført som driftskostnader fordela systematisk over leigeperioden.

**Prinsipp for kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Ein tek då utgangspunkt i føretaket sitt resultat før skatt og viser kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

**Pensjonar**
VTK har eiga pensjonskasse. Ordninga omfattar alle tilsette i VTK, Skafså Kraftverk ANS og Telefiber AS.

Storleiken på framtidige ytingar er avhengig av talet på oppteningsår, lønsnivå ved pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Pensjonar er rekna etter IAS 19.

Den balanseførte forpliktinga er nåverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidla.

Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av aktuaer etter påløpte ytelsars metode.

Estimatavvik som skuldas ny informasjon eller endringar i aktuarmessige forutsetingar vert ført direkte mot eigenkapitalen.

# Noter til årsrekneskap

**Note 1 - Resultat per forretningsområde**

| 2023 Forretningsområde | Kraftprod/ omsetning | Nettverksemd R-nett | Nettverksemd D-nett | Nettverksemd Sum nett | Tele | Øvrig[1] | Estimering[1] | Konsern |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsinntekter | 335 666 | 3 890 | 174 413 | 178 303 | 17 325 | 32 712 | -31 635 | 532 370 |
| Nettap | 0 | 7 697 | 18 004 | 25 701 | 0 | 0 | | 25 701 |
| Kraftkjøp/varekjøp | 76 995 | 15 | 112 | 127 | 6 | 196 | -651 | 76 672 |
| Nettleige | 2 794 | 1 651 | -1 637 | 14 | 0 | 0 | -3 063 | -256 |
| Personalkostnader | 7 733 | 1 589 | 24 035 | 25 624 | 1 | 20 073 | -3 464 | 49 967 |
| Avskrivningar | 3 553 | 2 302 | 13 063 | 15 365 | 11 311 | 645 | | 30 874 |
| Andre driftskostnader | 24 295 | 4 718 | 41 731 | 46 449 | 4 664 | 10 642 | -24 454 | 61 596 |
| Regulatoriske kostnader | 20 176 | 949 | 4 381 | 5 330 | 11 | 0 | | 25 518 |
| Sum driftskostnader | 135 546 | 18 922 | 99 688 | 118 611 | 15 993 | 31 555 | -31 633 | 270 073 |
| Driftsresultat | 200 119 | -15 033 | 74 725 | 59 692 | 1 332 | 1 157 | -2 | 262 298 |
| Avkastningsgrunnlag | | 76 005 | 490 393 | 566 398 | | | | |
| Avkastning i % | | -19,78 % | 15,24 % | 10,54 % | | | | |

[1] Øvrig omfattar øvrig virksomhet i VTK AS og Telemark Nett samt VTK Holding og Høydalsmovegen 839 AS. Eliminering omfattar eliminerings- og konsernposteringar.

**Note 2 - Kraftsalsinntekter**

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|
| 157 540 | 298 810 | Sluttbrukarar | 0 | 0 |
| 165 436 | 197 033 | Engros m.m. | 0 | 0 |
| 322 976 | 495 843 | **Sum kraftsal** | 0 | 0 |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
41EE4F252AA3484FAAD47A57E41E5E88

**Note 3 - Nettinntekter**

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|
| 3 814 | -3 088 | Tariffinntekt, produksjon | 0 | 0 |
| 139 305 | 125 851 | Tariffinntekt, forbruk | 0 | 0 |
| 21 231 | 55 217 | Refusjon tapskostnader | 0 | 0 |
| 139 | 133 | Purregebyr, byggestraum og stenging | 0 | 0 |
| 164 489 | 178 112 | **Sum nettinntekter avrekna** | | |
| -8 648 | -13 290 | Mindreinntekt | 0 | 0 |
| 173 137 | 191 402 | **Sum nettinntekter** | 0 | 0 |

Berekna meir-/mindreinntekt for nettverksemda til VTK:

| | 2023 | 2022 |
|---|---|---|
| Inntektsramme frå NVE | 166 696 | 188 301 |
| Endring kapitalkostnader siste 2 år | 6 487 | 4 852 |
| Kjøp av overføringstenester | 14 | -4 096 |
| Eigedomskatt, nett | 5 330 | 4 341 |
| Elhub-gebyr | 1 358 | 794 |
| KILE-kostnader | -4 762 | -4 426 |
| **Total tillatt inntekt** | **175 123** | **189 766** |
| Avrekna nettinntekter forbruk | 139 305 | 126 193 |
| Avrekna nettinntekter produksjon | 6 358 | -4 873 |
| Refusjon tapskostnader | 21 231 | 55 217 |
| Andel renter | 826 | 265 |
| **Meir (-)/mindre (+)inntekt frå årets drift** | **7 403** | **12 964** |
| Korreksjonar frå tidlegare år | 1 178 | 326 |
| **Sum meir(-)/mindre(+)inntekt i året** | **8 581** | **13 290** |
| Saldo meir(-)/mindre(+)inntekt pr.31.12 | 11 034 | 2 453 |
| Årets renter | 327 | 0 |
| **Total meir(-)/mindre(+) inntekt pr 31.12.** | **11 361** | **2 453** |

**Note 4 - Andre driftsinntekter**

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|
| 3 437 | -3 505 | Arbeid for andre (Kontortenester) | 21 812 | 17 330 |
| 17 252 | 18 255 | Utleige fiber | 0 | 0 |
| 12 123 | 6 651 | Sal av opprinnelsesgarantier | 0 | 0 |
| 3 445 | 2 071 | Andre inntekter | 1 689 | 1 259 |
| **36 257** | **23 472** | **Sum andre driftsinntekter** | **23 501** | **18 590** |

**Note 5 - Kraftkjøp og anna varekjøp**

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|
| 75 027 | 192 315 | Kraftkjøp for sal | 0 | 0 |
| 25 701 | 41 689 | Kjøp av nettap | 0 | 0 |
| 785 | 816 | Kjøp av elsertifikat og oppr.garantiar | 0 | 0 |
| -255 | -3 765 | Overføringskostnader | 0 | 0 |
| 861 | 1 510 | Anna varekjøp | 0 | 0 |
| **102 118** | **232 566** | **Sum kraftkjøp og anna varekjøp** | **0** | **0** |

**Note 6 - Løn og andre personalkostnader**

| KONSERN 2023 | KONSERN 2022 | | VTK HOLDING AS 2023 | VTK HOLDING AS 2022 |
|---|---|---|---|---|
| 51 625 | 43 473 | Løn | 10 904 | 8 663 |
| 5 550 | 4 770 | Arbeidsgjevaravgift, løn | 1 169 | 929 |
| 2 845 | 1 586 | Andre personalkostnader | 1 394 | 753 |
| **60 020** | **49 828** | **Sum personalkostnader ekskl. pensjon** | **13 468** | **10 345** |
| 7 827 | 7 276 | Pensjonskostnader inkl. arb.gj.avg. | 1 478 | 1 363 |
| **67 847** | 57 104 | **Sum personalkostnader (brutto)** | **14 945** | **11 708** |
| 17 880 | 16 005 | Aktiverte personalkostnader | 0 | 0 |
